

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. Eitt-teiknsinnskrifter

[**880**] N-23249. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 42: 1990b:[36].)

På ein kort firkanta pinne, 54 mm lang og med eit tverrsnitt på 17 x 11 mm, er det òg ei einrunes innskrift. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. Funnkonteksten kan liksom den føregåande (106) altså daterast til perioden frå ca. 1175 til 1275. Runa står ute mot enden på den eine breisida av gjenstanden og er 12 mm høg.

ʅ

k

Det er uråd å seia noko om eventuell funksjon av dette jamt firkanta trestykket og såleis òg om denne eine runa her er anna enn eit tilfelleleg riss.